



## Verkstaden *Frå musikk til bilde til musikk*

Informasjon til klassa/kontaktpersonen.

### Romforhold

Rommet må vera stort og godt med vask og vatn. Muskarane treng ein liten plass, minimum 2x2 meter. Det må òg vera plass til staffeli for kunstnaren framme.

Elevane sit ved pultar og jobbar, enten i grupper eller kvar for seg,

Om ein elev er særst var for lyd, er det lurt å ha med høyrsevern. Om det er behov for tolk, må tolken vera til stades når me presenterer opplegget heilt i byrjinga.

Målinga me bruker er vassbasert, men elevane bør ha med klede til å måla i, for eksempel T-skjorter eller liknande.

### Rolla til dei vaksne

Dei vaksne må stille kunna hjelpa med å skifte vatn og dela ut meir måling og måleark etter behov. Viss det er for mange vaksne til stades, er det fare for at dei kan komma litt i vegen for kvarandre og kanskje forstyrra meir enn å vera til hjelp.

Det er heilt naudsynt med lærarar til stades, men maks to om gongen er nok.

### Vaksne/elevar etter konserten

Etter konserten må vaksne og/eller elevar rydda utstyr med meir til tilvist plass og vaska pultane.

Kunstnaren og muskarane har med alt av måleutstyr, inkludert glas til vatn, klessnorar, klesklyper og karabinkrokar som dei spenner opp på eigna plass i eller ved klasserommet. Kvar av elevane får opp eitt eller to bilde i utstillinga.

### Reinhald, førebuingar til timen

Skulen må stilla med ei eller to vaskebøtter, skureklutar, fleire vaskeklutar og nok tørkepapir slik at elevane lett kan vaska etter seg.

### Kunst-snor-utstilling

Elevane får hengt opp bilda sine i undervegs i verkstaden.